



Når KrF-leiar Knut Arild Hareide takkar ja til å delta i homobryllaup, viser det at partiet hans sviktar dei kristne verdiane, meiner Kjartan J. Tysse. FOTO: NED ALLEY, SCANPIX

Ny kurs med Dei kristne

► Tilliten til KrF er kraftig svekka, partiet Dei Kristne står fram som meir tillitvekkande i dei sentrale verdispørsmåla.

For meg har verdisakene vore viktigast ved alle val. Før var eg begeistra over KrF som talte tydeleg i verdispørsmål, men i dag er begeistringa ikkje der. Kvifor? La meg nemna no-

kon døme.

Abort

I den største verdisaka i Noreg, fosterdrapslova, har KrF kjempa og sagt mykje bra. Men så kom dei i regjering. Under KrFs leing gav Utviklingsdepartementet i alt 220 millionar kroner til International Planned Parenthood Federation, som kjempar for fri sex, abort, seksuelt samkvem utanfor ekteskapet, utukt og homoseksualitet, ifylgje avisa Dagen. KrF tilgodesåg denne organisasjonen i begge Bondevik-regjeringane. Eg er glad for at eg har høve til å stemma på eit parti eg har større tillit til i dette spørsmålet, Dei Kristne.

Korleis støttar KrF prestar som tar bibelen på alvor? KrF ved Bondevik som kyrkjestatsråd fjerna Børre Knudsen. Erik Selle, leiar i Dei Kristne, uttalte på Oslo Symposium: «Hvis De Kristne hadde sittet ved makten, hadde det ikkje skjedd at Norges fremste livsvernforkjemper, Børre Knudsen, hadde blitt avsatt.» Fjerning av prestar som tydeleg står på Bibelen fortsette under Lilletun som kyr-

kjestatsråd. Han fjerna dei bibeltru prestane Olav Berg Lyngmo og Arne Thorsen.

Homofili

Korleis stillar skipperen på KrF-skuta seg til det? Ifylgje hans eigen blogg meiner han dette: «Vi driver ikke gradering av folks kjærlighetsliv. Jeg er opptatt av at vi må sikre alle rett til å leve i forpliktende samliv, det gjelder selvsagt også homofile og lesbiske. Jeg har ledet programarbeidet og støtter vedtaket som ble fattet i dag, men jeg blir dypt skuffet over at delegater på vårt landsmøte bruker vår talerstol til å si at homofilt samliv er unaturlig, og at det er hån mot skaperverket. Det er ikke KrFs syn.» Ut i frå dette forstår eg Hareide sånn: Homofilt samliv er naturleg og i samsvar med skaparverket.

Nyleg har også Dagen skrevet at Hareide har takka ja til å delta i eit homobryllaup. Leiaren av KrF-skuta er med å legitimerar homobryllaup ved å delta. Det er vanskeleg å senda andre signal om dette når han deltar, enn at dette ikkje er så farleg. Når kapteinen på KrF-skuta har staka ut feil kurs, korleis går det då med partiet? Erik Selle, leiar i Dei Kristne, uttalte på Oslo Symposium: «Og hadde vi sittet på Stortinget, hadde ikke kampen for

ekteskapet blitt lagt død, men det hadde blitt omkamp.»

Israel

Korleis er det med støtta til Israel når det stormar som verst? Det er gaza-krigen eit døme. Dagfinn Høybråten har, ifylgje Bergens Tidende 2. september 2009, svikta Israel: «Høybrå-

ten karakteriserte Israels angrep på sivile i Gaza som et eksempel på en uakseptabel krigføring. Kaller du det terror, spurte Jørgensen. Ja, fordi det ikke ble skilt klart nok mellom sivile og militære mål i den krigen. Jeg var en av de som gikk ut under krigen og ga klart uttrykk for et slikt synspunkt, svarte Høybråten.» Når Israel trengte støtta meir enn på lenge, valte Høybråten å ikkje delta i støttemarkeringa for Israel.

Mitt råd

Eg vil stemma eit parti som begeistrar meg på verdisakar. Dei Kristne har også eit omfattande og godt program på andre områder. Anbefalar å sjekka programmet på deira heimesida. Dei Kristne seier på si heimesida: «Visst du stemmer som du alltid har gjort, vil du få det du alltid har fått». Eg rår verdibevisste veljarar om å stemma for ein ny kurs for landet og melda seg inn i Dei Kristne. Me treng frimodige representantar frå Dei Kristne på Stortinget.

KJARTAN J. TYSSE
Hommersåk